

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLODato: 31.08.2016  
Vår ref.: 2015/10661-165  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Søknad om overføring av restmidlar frå øyremerkte statsmidlar - Kulturkort for ungdom

### Bakgrunn

Arbeidet med Kulturkort for ungdom har ikkje vore aktivt hos Hordaland fylkeskommune etter at ordninga vart avvikla som ei nasjonal ordning i 2015. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune hadde jamlege møter med ei referansegruppe beståande av ungdommar gjennom året 2014 for å høyre deira innspel til korleis et kulturkort skulle fungere. Resultatet blei m.a. at namnet «kulturkort» blei endra til «HFKopp», og det vart oppretta ein eiga facebook-side der samarbeidspartnarar til kulturkort-ordninga skulle informere om ting å oppleve. Samarbeidspartnarar vart på dette tidspunktet oppmoda om å ha ein særskilt rabatt på billetter for aldersgruppa 13-20 år, og vere tydelig med å informere om dette på eigne nettsider. I 2015 vart arbeidet med kulturkort-ordninga avvikla i Hordaland fylkeskommune.

### Søknad

Hordaland fylkeskommune har 48 515 kroner i restmidlar frå tidlegare utbetaling av øyremerkte statsmidlar til ordninga «Kulturkort for ungdom». Hordaland fylkeskommune søker Kulturdepartementet om å få nytte desse midlane til liknande kulturtiltak for ungdom. Workshops i UKM-arbeidet vårt var i 2015 eit nytt tiltak og er eit satsingsområde vi vidareførte, og styrka med fleire workshops, i 2016. Workshops under UKM-festivalen i Hordaland har blitt ei varig ordning. Dette har eit samanfallande føremål med den tidlegare kulturkort-ordninga då workshops i UKM er retta mot ungdom i Hordaland mellom 13-20 år, same aldersgruppe vi retta kulturkort-ordninga mot.

Gjennom dei to siste åra har administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, ved Kultur- og idrettsavdelinga, styrka arbeidet med UKM i Hordaland og innført fleire nysatsingar for å vektleggja UKM som ein møteplass for ungdommane. UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. I 2016 fekk alle scenedeltakarane i UKM tilbod om å få spele i lag med eit profesjonelt husband, beståande av fire erfarne musikarar.

Ungdomsmedverknad er eit særleg viktig satsingsområde i arbeide med UKM i Hordaland, der fylkeskontakt og produsent har jamlege møter og oppfølging av ei referansegruppe beståande av tidlegare UKM-deltakarar, Unge Arrangørar og URG (ungdommens ressursgruppe i UKM Norge). Ungdommane er i alder 15-20 år og dei er sjølv med på å bestemme korleis UKM-festivalen i Hordaland skal gjennomførast kvart år.

I 2016 hadde vi 13 workshops under UKM-festivalen i Hordaland, med ei total kostnad på 86 647 kroner.

Følgjande workshops vart gjennomført 1-2 gongar gjennom festivalhelga:

«Vegen vidare etter UKM»

Når: *Laurdag 16.04. Med: Joar Nicolaysen (Brak) og dePresno (artist).*

Info til deltakarane: *Artist og låtskriver dePresno og musikkorganisasjonen Brak tilbyr en nyttig workshop for alle band og artister som er med på UKM-festivalen.*

«Festivalfotografering»

Når: *Laurdag 16.04 Kven: Jarle Moe (konsertfotograf/fotojournalist).*

Info til deltakarane: *Jarle foto-graferer omtrent 200 konserter i året, og er nå klar for å fortelle deg de beste triksaene for et bra konsertbilde!*

«Kunst»

Når: *Laurdag 16.04. Med: Adriana Alves (kunstnar).*

Info til deltakarane: *Adriana tar med seg planker i forskjellige tykkelser, lerret og maling, og sammen skaper vi noe vi kan stille ut med de andre kunstverkene i kunstutstillingen.*

«Konferansier»

Når: *Laurdag 16.04 og mentor for konferansier-deltakarane under alle framsyningane. Med: Guri Solberg*

*(TV2). Info til deltakarane: Hvordan får man et publikum begeistret? Enten du deltar som konferansier eller noe annet, er dette en nyttig workshop for deg som vil bli komfortabel på en scene.*

«Kunsten å formidle»

Når: *Søndag 17.04. Med: Tanita S. Guldbrandsen.*

Info til deltakarane: *Kroppsspråk og holdning er viktig både innen musikk, sang, teater og dans. Lær å bli mer bevisst på hva du formidler fra scenen!*

«Filmklipping»

Når: *Søndag 17.04. Med: BIFF.*

Info til deltakarane: *Om noen kan film, er det Bergen Internasjonale Filmfestival! De diskler opp med et klippekurs i sine egne lokaler på Verftet.*

«Låtskriving»

Når: *Søndag 17.04. Med: Ingjerd Tranvåg (Woodland Circus).*

Info til deltakarane: *Som artist må man ikke bare være god til å spille live, men også skape egne låter! Bli med for en innføring i låtskriving og singer-songwriter-verdenen.*

«Grafitti»

Når: *Søndag. Med: AtWall.*

Info til deltakarane: *Bergen Grafitti er en gjeng grafittiartister som har gjort mye av de store, fine verkene du ser rundt i Bergen. Under workshoppen skal alle få prøve seg med en sprayboks, uansett om du har erfaring eller ikke.*

«Vokal»

Når: *Laurdag 16.04, og søndag 17.04. Med: Gabriela Garrubo.*

Info til deltakarane: *Gabriela har bakgrunn i jazz, og vil gå gjennom noen grunnleggende teknikker alle kan ha nytte av.*

«Dans»

Når: *Laurdag 16.04, og søndag 17.04. Med: Stephanie M. Mowinckel (Schang).*

Info til deltakarane: *Stephanie er medlem i dansekompaniet Schang, som er et av de mest anerkjente innen kommersiell dans i Norge. I workshoppen vil dere blant annet jobbe med en koreografi som dere kan fremføre som avslutnings-nummer søndag!*

«Husband».

*Når: Laurdag 16.04, og søndag 17.04. Med: Erik Håkon Halvorsen (kapellmeister, tangentinstrument), Morten Færestrand (gita), Ivar Thormodsæter (slagverk), og Anders Bitustøyl (el-bass/kontrabass). Info til deltakarane: Dersom du har meldt deg på for å spille med husbandet på festivalen, vil du få muligheten til å ha en generalprøve med dem på scenen den dagen dere skal opptre.*

Med ønske om ei positiv handsaming.

Eventuelle spørsmål i saka kan rettast til Marianne Ose Askvik, tlf: 992 30 515.

Per Morten Ekerhovd  
konst fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*